



REKNESKAPSÅRET 2015

Sogn og Fjordane Teater L/L

Org. Nr. 929 181 557

Årsmelding – Årsrekneskap - Revisjonsmelding



«TETT PÅ». F.v Kyrre Eikås Ottersen og Linda Øvrebø

ÅRSMELDING 2015

Sogn og Fjordane Teater sin visjon er å røre folk med opplevingar dei ikkje har hatt før. Overordna mål er å vere engasjert, modig og inkluderande. 2015 var eit godt år for Sogn og Fjordane Teater (SoFt), både når det gjeld det kunstnariske arbeidet og besøket. Vi har gitt 15 802 tilskodarar gode opplevingar då dei besøkte teateret sine framsyningar. Dette besøksstalet må seiast å vere godt i eit fylke med i overkant av 100 000 innbyggjarar.

Teateret har vore involvert i sju produksjonar. Fire av dei var eigenproduksjonar: «Tett på» av Mette Brantzeg, «Skilte menn rir igjen» av Yngve Sundvor, «Dødsdansen» av August Strindberg og «Fjordmann» av Stig Amdam. SoFt hadde tre samarbeidsproduksjonar: «Vaffelhjarte» av Maria Parr (med Den Nationale Scene), «Kinnaspelet – Songen ved det store djup» av Rolf Losnegård (med Kinnaspelekomitéen) og «Herr Kurtz og damene» av Rolf Losnegård (med Aldateatret). Produksjonen «Så vakker du er» av Brynjulf Jung Tjønn/Miriam Prestøy Lie starta opp i november, medan premièren vart lagt til etter nyttår.

I 2015 var to produksjonar urpremièrar: «Tett på» og «Fjordmann». «Vaffelhjarte», som vart spelt i Sogn og Fjordane for første gong i 2015, hadde urpremière på DNS året før. Produksjonen «Så vakker du er» er òg ein produksjon tufta på ny dramatikk, i dette høvet dramatisering av ein roman.

Totalt viste teateret 122 framsyningar i 2015. I Teatersalen i Førde vart det spelt 12 framsyningar, medan resten vart vist på turné. SoFt har arbeidd vidare med å utvikle og setje opp ny norsk dramatikk.

Teateret har turnert alle produksjonane, og vi har nådd publikum over heile fylket.

Eigedelar og miljø

Teateret leiger administrasjons-, prøve- og verkstadslokale i Førdehuset og lokale til overnatting for engasjert personale i Gamle Prestegarden, begge deler av Førde kommune. Teateret eig to leilegheiter, to lastebilar og ein varebil. Ved behov for fleire transportmiddel på turné, leiger teateret det. Anna teknisk utstyr i teateret sjø eige er i god stand. Det er ikkje meldt om skade på eige utstyr i 2015.

Som tidlegare har teateret halde fram med utleige og utlån av teknisk utstyr og kostyme til lag, organisasjonar og skular over heile fylket. Teateret har i all si verksemd som mål å ikkje ureine det ytre miljøet.

Personale

Teateret hadde 18 fast tilsette. Gjennom året var det engasjert frilanspersonale og vikarar, som til saman utgjorde 7 årsverk. Samla årsverk engasjerte ved teateret i 2015 var 25.

2015 var Terje Lyngstad sitt 12. år som teatersjef. Bodil Kvamme tek over som teatersjef for åremålsperioden 2016 – 2019.

Styret og dagleg leiar vurderer arbeidsmiljøet som godt. Teateret er ei IA-bedrift (Inkluderande arbeidsliv) og er tilslutta AKAN (Arbeidslivets komité mot alkoholisme og narkomani).

Totalt sjukefråvær i 2015 var 229 dagar, dette svarar til ca 3,5 % av total arbeidstid i året. Det har ikkje vore meldt om alvorleg skade eller ulykker på personale i 2015.

SoFt har eit medvite forhold til arbeid med likestilling. Av fast og engasjert personale er forholdet 11 årsverk kvinner og 14 årsverk menn. Av kunstnarisk personale brukte teateret 8,2 kvinnelege og 8,6 mannelege årsverk i 2015. Teatersjef og styreleiar er begge menn. Styret består av tre menn og to kvinner. Av varamedlemmene til styret er tre kvinner og to menn.

Økonomi

Årsresultatet for 2015 viser eit overskot på kr 1 448 077,-. Det var budsjettert med eit overskot på kr 20 900,- såleis er resultatet kr 1 427 177,- betre enn budsjett.

Hovudårsakene til resultatet i 2015 er :

- Inntekt frå vinst ved sal av husvære
- Lågare materialkostnader enn budsjettert
- Lågare driftskostnader enn budsjettert

Resultatet i 2015 styrkjer teateret sin eigenkapital, slik at SoFt per 31.12.2015 har ein eigenkapital på om lag 4,1 millionar. Dette er i tråd med styret sitt mål om å ha solid eigenkapital slik at vi kan tåle uforutsette kostnader.

Samla driftsinntekter i 2015 var 28 mill. Av dette er 6,7 % eigeninntekter (inkludert vinst ved sal av leilegheit). Teateret sine eigeninntekter var på 10,1 % i 2014, 4,4 % i 2013 og 5,3 i 2012. Teateret har tilfredsstillande likviditet.

Vidare drift

Styret vurderer det slik at føresetnadene knytte til dei offentlege tilskota er overhaldne, og at både resultat og måloppnåing er tilfredsstillande.

Føresetnad om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.


Styret opplever å ha godt samarbeid med eigarane, og vil takke for samarbeidet med tilskotspartane og alle andre samarbeidspartnarar som har bidrege til teateraktiviteten i 2015.

Førde 10.mai 2016




Håkon Fimland

Styreleiar




Iris Loftheim

styremedlem/nestleiar



Kristine Lie

styremedlem



Ola Tarjei Kroken

styremedlem



Kjell Furevik

styremedlem



Bodil Kvamme

teatersjef/dagleg leiar



Repertoaret 2015

Vaffelhjarte

- boka som på rekordtid har oppnådd klassikarstatus blant barn og unge i mange land vart gjort til teater. Vaffelhjarte var ein samproduksjon mellom Den Nationale Scene og Sogn og Fjordane Teater.

Av: Maria Parr

Komponist: Odd Nordstoga

Dramatisert av Jesper Halle

Regi: Cecilie Askeland Mosli

Scenografi og kostymedesign: Milja Salovaara

Koreografi: Hilde Sol Erdal

Lysdesign: Marte Stormo

Medverkande:

Idun Losnegård

Jonatan Flip

Julia Bache-Wiig

Preben Hodneland

Sigmund Njøs Hovind

Sulekah Ali Omar

Wenche Kvamme

Yngve Seterås

Framsyningar: 53



TETT PÅ

- ein intim kabaret *spekka* med songar, bittersøt humor, blodig alvor og publikumsflørt i ei fri fabulering som dei fleste kan kjenne seg att i.

Av: Mette Brantzeg

Regi: Mette Brantzeg

Scenografi: Eirik Annar Evensen


Lysdesign: Marius Rypdal

Medverkande:

Kyrre Eikås Ottersen

Linda Øvrebø

Framsyningar: 17



Kinnaspelet - Songen ved det store djup

av Rolf Losnegård

Komponist: Per Janke Jørgensen

Regi: Miriam Prestøy Lie

Koreografi: Kristin Ryg Helgebostad

Medverkande:

Idun Losnegård

Kyrre Eikås Ottersen

Randolf Walderhaug

m.fl.

Musikarar:

Oddmar Amundsen


Adele Halten

Frank Jakobsen

Rolf Prestø

Aage Vaksdal

Framsyingar: 4



Dødsdansen

- eit trekantdrama som handlar om forholdet mellom mannen og kvinna.

Av: August Strindberg.

Regi:

Bodil Kvamme

Scenografi og kostymedesign:

Åse Hegrenes

Medverkande:

Anne E. Kokkinn

Kyrre Eikås Ottersen

Jeff Pedersen

Framsyningar: 10



Fjordmann

- med karakterar og handlingsgang som er lausleg er basert på faktiske historier til fleire massedarapsmenn i vår verdsdel. *Fjordmann* er forteljinga om ein av dei.

Av: Stig Amdam

Regi: Stig Amdam

Scenografi og kostymedesign: Åse Hegrenes

Lysdesign: Arne Kambestad

Medverkande:

Stian Isaksen

Lars Sørbø

Katrine Lunde Mackenzie

Gunhild Hjertaas

Framsyningar: 18

Sogn og Fjordane Teater L/L
RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	<i>Note</i>	2015	2014
Billett og programsal		880 400	1 368 869
Anna salsinntekt	13	53 745	1 514 837
Driftstilskot	7	26 180 609	25 589 252
Vinst ved sal av husvære	1	966 288	0
Sum driftsinntekter		<u>28 081 041</u>	<u>28 472 958</u>
Materialkostnad		626 847	623 260
Kostnad turne/oppsekjande verksemd		936 831	1 491 383
Kostnad vedk. lokale	10	2 160 829	1 755 362
Lønskostnad	5, 6	19 359 597	19 846 707
Avskrivning	1	542 380	576 259
Annem driftskostnad	6	3 046 967	3 356 519
Sum driftskostnader		<u>26 673 451</u>	<u>27 649 490</u>
Driftsresultat		<u>1 407 590</u>	<u>823 468</u>
Renteinntekt		53 888	82 739
Rentekostnad		-13 401	-14 149
Årsresultat		<u>1 448 077</u>	<u>892 058</u>
Disponering av årsresultatet			
Overført til annan eigenkapital		1 448 077	892 058
Sum disponert		<u>1 448 077</u>	<u>892 058</u>

Sogn og Fjordane Teater L/L

BALANSE PR. 31.12.


	<i>Note</i>	2015	2014
EIGEDLAR			
Anleggsmiddel			
<i>Varige driftsmiddel</i>			
Tomtar, bygningar o.a. fast eigedom	1, 12	2 563 225	467 500
Driftslauseyre, inventar, verkty, kontormaskiner o.l.	1	<u>2 267 691</u>	<u>2 351 106</u>
Sum varige driftsmiddel		<u>4 830 916</u>	<u>2 818 606</u>
 Sum anleggsmiddel		<u>4 830 916</u>	<u>2 818 606</u>
Omløpsmiddel			
<i>Fordringar</i>			
Kundefordringar	11	28 643	100 040
Andre fordringar	8	<u>59 104</u>	<u>974 677</u>
Sum fordringar		<u>87 747</u>	<u>1 074 717</u>
Bankinnskot, kontantar o.l.	2	3 706 318	2 845 275
Sum omløpsmiddel		<u>3 794 066</u>	<u>3 919 992</u>
SUM EIGEDLAR		<u>8 624 982</u>	<u>6 738 598</u>

Sogn og Fjordane Teater L/L
BALANSE PR. 31.12.


	<i>Note</i>	2015	2014
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
<i>Innskoten egenkapital</i>			
Aksjekapital (10 aksjer á kr 10 000)	3, 4	<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
Sum innskutt egenkapital		<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
<i>Opptjent egenkapital</i>			
Annan egenkapital	3	<u>3 992 334</u>	<u>2 544 257</u>
Sum opptjent egenkapital		<u>3 992 334</u>	<u>2 544 257</u>
Sum egenkapital	3	<u>4 092 334</u>	<u>2 644 257</u>
GJELD			
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		1 294 456	1 027 508
Skuldige offentlege avgifter		1 205 550	1 159 155
Anna kortsiktig gjeld	6, 9	<u>2 032 642</u>	<u>1 907 678</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>4 532 648</u>	<u>4 094 341</u>
Sum gjeld		<u>4 532 648</u>	<u>4 094 341</u>
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		<u>8 624 982</u>	<u>6 738 598</u>


Førde, 10.05.2016
Styret i Sogn og Fjordane Teater L/L



Håkon Fimland
Styreleiar


Iris Loftheim
Styremedlem/nestleiar


Kristine Lie
Styremedlem


Ola Tarjei Kroken
Styremedlem


Bodil Kvamme
Teatersjef/dagleg leiar


Kjell Arvid Furevik
Styremedlem

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

Salsinntekter

Inntektsføring av billettinntekter skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei blir levert.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Fordringar klassifiserast som omløpsmiddel dersom dei skal tilbakebetalast i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurdert til kostpris. Varige driftsmiddel vert balanseført og avskrive over driftsmidlet si økonomiske levetid. Varige driftsmiddel vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje vert venta å vere forbigåande. Nedskrivninga vert reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades. Lungsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast lineært over driftsmidla si forventade levetid dersom dei har vurdert levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Vedlikehald av driftsmidla vert kostnadsført etter kvart under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar leggst til driftsmidlet sin kostpris og avskrivast i takt med driftsmidlet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring reknast i forhold til driftsmidlet sin stand ved kjøp av driftsmidlet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg for andre kundefordringar blir det gjort ein uspesifisert avsetning for å dekke vurdert tap.

Pensjonar

Pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordninga for teatret sine tilsette er ikkje balanseført før den tilsette tek ut pensjon. Forpliktingar/pensjonsmiddel knytt til kollektiv pensjonsordning er ikkje balanseført.

Skatt

Teatret er ei ikkje skattepliktig verksemd.

Note 1 Varige driftsmiddel

	Personal- husvære	Kunst	Bil	Inventar kontorutst.	Utstyr	Bygnings- innreing	Totalt
Kostpris 1.1.	467 500	80 000	1 948 469	1 850 230	4 238 180	1 751 032	10 335 411
Tilgang	2 460 525				436 278		2 896 803
Avgang	364 800						364 800
Kostpris 31.12.	2 563 225	80 000	1 948 469	1 850 230	4 674 458	1 751 032	13 597 014
Akk. avskrivningar 31.12.			1 007 331	1 608 885	3 687 543	1 732 740	8 036 499
Balanseført verdi pr. 31.12.	2 563 225	80 000	941 138	241 346	986 915	18 292	4 830 916
Avskrivningar i år	0	-	139 428	149 371	248 332	5 249	542 380

Eitt av personalhusværa er seldt i 2015, og det er inntektsført ein gevinst frå salet på kr 966.288.

Note 2 Bundne midlar

	I år	I fjor
Bundne midlar per 31.12	784 098	709 722

Selskapet har ein kassakreditt limit på NOK 1,5 mill.

Note 3 Eigenkapital

	Aksje- kapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12.14	100 000	2 544 257	2 644 257
Resultat i år 31.12.15	100 000	3 992 334	4 092 334

Note 4 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen på kr 100.000 består av 10 aksjar a kr 10.000. Alle aksjar har like rettar.

Oversikt over aksjonæraane per 31.12.

Namn	Tal aksjar	Eigardel
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	8	80 %
Førde kommune	2	20 %
Totalt	10	100 %

Note 5 Pensjon

Selskapet har ei kollektiv pensjonsforsikring (ytelsesplan) som omfattar 18 tilsette. Ordninga gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Selskapet si pensjonsordning tilfredstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Selskapet sine tilsette har i tillegg ein tariffesta avtalefesta førtidspensjonsordning (usikra ordning). Selskapet sine tilsette kan velje å gå av med AFP frå fylte 62 år. Forpliktelsen i følge ordninga er ikkje rekneskapsført som gjeld. Ordninga omfattar 18 tilsette. Det er ingen som har tatt ut AFP per 31.12.2015. Dei tilsette har følgjande aldersfordeling:

Under 30 år	0 stk
Frå 30 til 40 år	2 stk
Frå 40 til 50 år	7 stk
Frå 50 til 64 år	8 stk
Frå 64 til 70	1 stk

Netto pensjonskostnad i år kjem fram på følgjande måte:	I år	I fjor
Utbetalte pensjoner frå selskapet	0	0
Premie gamal og ny AFP-ordning	194 460	191 640
Pensjonspremie til kollektiv ordning i år	1 681 504	1 743 426
Eigenandel pensjon tilsette	-187 310	-210 082
Netto pensjonskostnad i år	1 688 654	1 724 984

Saldo på premiefond per 31.12.15 var kr 2.611.017

Note 6 Lønskostnader, tal tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

	I år	I fjor
Lønskostnader		
Løner og honorar	14 482 862	16 098 780
Arbeidsgevaravgift	1 568 286	1 776 608
Pensjonskostnader	1 688 654	1 724 984
Lønsrefusjon samarbeidsprosjekt	-190 000	-
Kostnadsdeling samarbeidsprosjekt	1 485 882	-
Andre lønsrelaterte ytingar	323 913	246 335
Sum	19 359 597	19 846 707

Antall årsverk har vore 25 (fast + engasjement/frilans m.m). Det har vore 18 fast tilsette.

	Dagleg leiar	Styret
Ytingar til leiande personar		
Løn	738 012	53 712
Pensjonsutgifter	14 759	
Anna godtgjersle	30 574	

Dagleg leiar (teatersjef) er tilsett på åremål, og har avtale om 3 månaders løn etter avslutta arbeidsforhold. Åremålet går ut 31.12.15 og dagleg leiar sluttar på dette tidspunktet. Berekna etterløn som kjem til utbetaling i januar-mars 2016 er sett av med kr 222.159 som skuldig løn, ref note 9. Avsetninga er basert på at det per 31.12.15 er vurdert at all kostnad er påløp.

Det er tilsett ny teatersjef på åremål som tiltre 01.01.16. Som følgje av forebuande arbeid i 2015 samt overlappning og oppløring med sittande teatersjef er det betalt ut lønn for dette i 2015. Iflg avtalen med ny teatersjef er det avtalt ei ventelønn avgrensa oppad til 6 månader. Ventelønna fell vekk heilt eller delvis om ein vert tilsett/engasjert i ny stilling i venteperioden. Frilans oppdrag i perioden vil medføre ein pro rata reduksjon for kvart oppdrag.

Pr 31.12.15 er det ingen lån/trygdgjeving til dagleg leiar, styre leiar eller andre nærstående partar.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i rekneskapsåret var kr 63 375, av dette er kr. 51.500 knytt til revisjon og resten til andre tenester. Beløpet er inkludert meirverdiavgift.

Note 7 Spesifikasjon av driftstilskot

	I år	I fjor
Ordinært tilskot staten	18 327 000	17 913 000
Ordinært tilskot Sogn og Fjordane Fylkeskommune	5 890 000	5 757 000
Ordinært tilskot Førde kommune	1 963 609	1 919 252
Sum	26 180 609	25 589 252

Note 8 Andre fordringar

	I år	I fjor
Forskotsbetalte kostnader *	41 111	835 567
Krav på sjukepengar	0	119 784
Kortsiktig lån tilsette	17 993	19 326
Sum	59 104	974 677

* SOFT inngjekk i 2014 eit samarbeid med den Nationale Scene (DNS) om å produsere stykket Vaffelhjarte av Maria Parr. Stykket vart produsert i samarbeid der SOFT dekkar 40% av kostnadene og DNS dekkar 60% av kostnadene i produksjonsperioden. Speleperiodane på dei respektive teater dekkjer teateret sjølv. Vaffelhjarte vart spelt ved DNS store scene hausten 2014 medan SOFT har turnert stykket i Sogn og Fjordane i første halvår i 2015. SOFT signerte ei avtale med Den Kulturelle Skulesekken (DKS) om å sende stykket på turne på grunnskulen i Sogn og Fjordane i januar, februar og mars 2015. Det vart lagt opp til 2 opne forestillingar i perioden. I kontrakten med DKS vart det avtalt eit fast honorar som SOFT får betalt for å reise rundt til skulane med forestillinga. Med bakgrunn i dette er SOFT sin andel av produksjonskostanden periodisert til 2015 og ført som forskuddsbetalt kostnad per 31.12.14 med kr 820.132. Dette er tilbakeført og kostnadsført pr 31.12.2015 ref note 6.

Note 9 Anna kortsiktig gjeld

	I år	I fjor
Skuldig feripengar/ løn	1 463 250	1 541 880
Skuldig løn (ref note 6)	479 103	169 951
Påløpne kostnader	90 289	195 847
Sum	2 032 642	1 907 678

Note 10 Leigeavtaler

	Leigeperioden opphører	Kostnaostør husleige 2015
Husleigeavtale	01.01.2017	1 379 779

Note 11 Kundefordringar

	I år	I fjor
Kundefordringar til pålydande 31.12.	28 273	93 958
Delkredereavsetning 31.12.	0	0
Opptjent inntekt	370	6 082
Kundefordringar 31.12.	28 643	100 040

Note 12 Pantsetjing

	I år	I fjor
Gjeld sikra med pant		
Kortsiktig gjeld til kredittinstitusjoner (kasskreditt)	0	0
Sum gjeld sikra med pant 31.12.	0	0

Balansført verdi av pantsette egedelar

Varige driftsmidler	102 700	467 500
Kundefordringar	28 643	100 040
Sum 31.12.	131 343	567 540

Note 13 Spesifikasjon av anna salsinntekt

	I år	I fjor
Refusjon frå samarbeid med Kinnaspelet *	0	190 000
Refusjon frå samarbeid med Hordaland Teater - "Kjærleikens Ferjereiser"	0	1 200 000
Inntekter frå utleige	31 978	82 360
Andre inntekter	21 766	42 477
Sum	53 744	1 514 837

* Refusjon frå samarbeid med Kinnaspelet er i 2015 ført som reduksjon av lønnskostnader ref note 6

Sogn og Fjordane Teater L/L
 RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	2015	2014
Billett og programsal		
3010 BILLETTAR HOVUDOPPS.	-880 400,00	-1 368 869,00
	<u>-880 400,00</u>	<u>-1 368 869,00</u>
Anna salsinntekt		
3210 ANDRE INNTEKTER	-21 766,59	-1 432 477,00
3270 UTLEIGEINNT. LYS	-31 138,00	-78 760,00
3272 UTLEIGE KOSTYME	-840,00	-3 600,00
	<u>-53 744,59</u>	<u>-1 514 837,00</u>
Driftstilskot		
3410 ORD TILSKOT STATEN	-18 327 000,00	-17 913 000,00
3420 ORD TILSKOT FYLKET	-5 890 000,00	-5 757 000,00
3430 ORD TILSKOT KOMMUNEN	-1 963 608,81	-1 919 252,00
	<u>-26 180 608,81</u>	<u>-25 589 252,00</u>
Vinst ved sal av husvære		
3810 Gevinst ved sal av anleggsmiddel	-966 288,00	0,00
	<u>-966 288,00</u>	<u>0,00</u>
Materialkostnad		
5010 DEKORASJONAR MATR.	136 461,99	198 328,12
5020 KOSTYMER KJØP O.L.	125 064,76	83 943,77
5022 KOSTYMER VEDLIKEH.	21 868,81	35 422,50
5030 REKVISITTER PROD.	54 963,49	44 324,59
5035 REKVISITTER TURNE	3 472,02	10 482,66
5040 FRISØR, SMINKE O.L.	16 173,82	4 644,80
5050 DIV. UTG. PRODUKSJON	53 894,20	19 563,74
5120 SCENEUTSTYR	8 166,23	0,00
5122 SCENEUTS SMÅKJ/VEDLH	64 793,51	42 400,75
5125 LYSUTSTYR	34 259,37	82 276,65
5127 LYSUTST SMÅKJ/VEDLH	2 128,95	10 522,45
5135 LYDUTSTYR	28 196,00	37 433,94
5137 LYDUTST SMÅKJ/VEDLH	0,00	5 779,00
5140 VERKSTADUTSTYR	0,00	1 080,90
5142 VERKSTAD SMÅKJ/VEDLH	8 968,03	6 135,20
5144 SVEISEVERKSTAD	44 511,15	9 311,43
5147 SYSTOVE SMÅKJ/DIV.	431,20	14 459,20
5150 DIVERSE UTSTYR	23 493,70	17 150,54
	<u>626 847,23</u>	<u>623 260,24</u>
Kostnad turne/oppøkjande verksemd		
6510 TURNEBUSS	58 721,31	76 884,97
6520 DIV REISE/TRSP	112 645,12	182 757,50
6540 HOTELL TURNE	542 154,58	438 199,00
6550 HUSLEIGE TURNE	97 158,00	268 412,00
6555 Bærehjelper Turné AGA arrangør	84 100,00	47 340,00

Sogn og Fjordane Teater L/L
 RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	2015	2014
6559 Billettavgift Billettservice	22 283,00	84 887,00
6560 ARRANGØRPROVISJON	15 188,00	205 903,25
6590 DIVERSE UTG. TURNE	4 580,79	10 999,60
6591 Kjøp av gjestespel	0,00	176 000,00
	<u>936 830,80</u>	<u>1 491 383,32</u>
Kostnad vedk. lokale		
4790 PERSBUST EIGNE,LEIGE	70 308,00	75 840,00
4792 PERSBUST ELKRAFT	32 242,93	38 850,93
4797 PERSBUST DIV UTG	501 367,45	137 136,05
6210 FASTE HUSLEIGEUTG.	1 203 912,00	1 203 912,00
6215 ANDRE HUSLEIGEUTG.	175 866,75	165 000,00
6220 STRAUM LOKALE	90 510,72	90 281,54
6230 KOMMUNALE AVGIFTER	13 271,62	13 272,00
6270 REINHOLD LOKALE	29 832,57	29 363,34
6290 DIV UTGIFTER LOKALE	43 517,23	1 706,00
	<u>2 160 829,27</u>	<u>1 755 361,86</u>
Lønskostnad		
4000 LØNN	9 352 286,80	10 584 096,80
4001 HONORAR	2 157 303,00	1 671 842,00
4002 LØNN OVERTID	213 300,20	292 283,40
4004 HONORAR SJØLVS. NÆRING	1 226 594,00	2 136 574,35
4310 FERIEPENGAR	1 462 931,96	1 542 006,63
4410 HONORAR STYRET	53 712,00	50 870,00
4451 MIDDAGSPENGAR ADM.	400,00	2 200,00
4460 ARBKLÆR IKKJE OPPGPL	11 620,00	10 220,00
4510 ARBEIDGI.AVG LØN	1 413 214,74	1 611 945,72
4520 ARBGAVG SKULD FERIEP	155 071,43	163 452,81
4610 REFUSJON SJUKEPENGAR	-280 417,00	-383 313,00
4620 LØNNSREF SAMAREPROSJ	656 316,00	0,00
4630 ANDRE LØNNSREFUSJ.	639 565,93	0,00
4710 PERSONALUTVIKLING	119 662,50	42 983,00
4712 PC TIL TILSETTE	23 300,00	93 721,50
4715 OPPL./UTVIKL.FOND	4 058,00	3 954,00
4751 DIV LEGE/MEDISINUTG	11 962,75	314,60
4755 BEDRIFTSHELSETJENESTE	29 386,00	28 216,00
4760 KANTINEUTGIFTER	28 220,04	14 215,71
4770 VELFERD PERSONALE	69 121,00	44 880,00
4811 PENSJONSPR M/ARBGAVG	1 494 193,71	1 533 343,97
4812 PENSJONSPR AFP M/ARB	194 460,00	191 640,00
4999 PERIODISERING LØNSKOSTNADAR	297 151,92	202 220,22
5210 EK tjenester Pliktig	70 272,00	65 319,53
5240 Rentefordel	364,00	777,40
5250 Forsikringer - Lønn/Personal	1 649 821,00	1 790 719,00
5292 EK. tjenester pliktig motkonto	-70 272,00	-65 319,53

Sogn og Fjordane Teater L/L
 RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	2015	2014
5295 Forsikringer Lønn/Persn - MOTKONTO	-1 649 821,00	-1 790 719,00
5298 Motkonto Rentefordel	-364,00	-777,40
5340 Fast bilgodtgjersle	26 182,20	7 839,70
5800 REFUSJON TRYGDEETATEN	-421 061,00	-242 669,00
5801 MOTKONTO REFUSJON TRYGDEETATEN	421 061,00	242 669,00
6552 Manuell AGA - DIV honorar	0,00	1 200,00
	<u>19 359 597,18</u>	<u>19 846 707,41</u>
Avskrivning		
7860 AVSKR FAST BYGN.INV.	542 380,02	576 259,00
	<u>542 380,02</u>	<u>576 259,00</u>
Annen driftskostnad		
5110 KONTORINVENTAR	34 992,40	17 944,50
5115 KONTORUTSTYR	0,00	259,00
6010 REVISJONSHONORAR	63 375,00	59 375,00
6030 LEIGD ARBEIDSHJELP	54 625,00	79 208,90
6060 RETTAR/AVGIFT MUSIKK	75 607,46	40 186,00
6110 ANNONSER FRAMSYNING.	250 577,27	423 986,13
6115 ANDRE SALGSANNONSER	59 845,32	22 679,00
6120 PROGRAM	30 750,00	16 600,00
6125 PLAKATAR	59 975,00	80 353,85
6130 GRAFISKE TJENESTER	146 811,50	135 563,00
6135 MEDIEOVERVÅKING	6 000,00	169,50
6140 FOTOGRAFERING	49 895,00	58 125,00
6160 INTERNETT	58 924,80	63 804,00
6410 KONTORREKVISITA	16 795,17	18 192,34
6420 TELEFON	135 413,29	198 826,72
6425 PORTO	9 621,50	16 223,00
6440 KOPIERINGSUTGIFTER	2 240,56	3 366,62
6465 VEDLIKEH DATAPROGRAM	63 852,50	67 840,00
6470 ANNONSER ADM.	26 879,25	52 453,00
6480 DIVERSE KONTORKOSTN.	3 334,00	16 498,10
6490 MØTEKOSTNADER	11 733,71	12 220,00
6495 ANDRE ADM.KOSTNADER	76 374,50	38 807,00
6620 GÅVER	215,00	369,00
6630 BLOMSTER, ARR. O.L.	39 678,40	50 249,60
6650 AVISER/TIDSSKR/BØKER	7 770,65	13 358,66
6690 DIV PRODUKSJONSKOSTN	6 399,00	13 163,70
6710 DIESEL/BENSIN/OLJE	65 261,22	63 887,42
6720 REP/VEDLIKEHALD BIL	74 630,82	84 356,80
6730 FORSIKRING/AVG. BIL	54 769,00	62 392,00
6740 ANDRE KOSTNADER	19 688,71	30 896,60
6800 DIETT	611 503,00	568 572,00
6801 BILETTER	142 568,79	113 574,96
6802 HOTELL/OVERNATTING	65 186,99	49 233,00

Sogn og Fjordane Teater L/L
RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	2015	2014
6803 Diett Sjølvstendig Næring	33 150,00	64 573,00
6804 Diett Tr. Pliktig	80 140,00	61 305,00
6855 PROD HOTELL/OVERN.	142 056,00	267 613,00
6857 PROD BILLETTAR O.L.	-4 775,00	0,00
6858 FRIE HEIMREISER ALLE	46 956,18	72 755,00
6859 PROD REISE	39 450,00	39 006,96
6910 KONTINGENTAR	147 760,00	149 109,50
6950 FORSIKR INV./UTSTYR	38 961,00	35 441,00
6960 FORSIKRING PERSONAL	48 784,00	36 278,00
7099 Øredifferanse	-0,97	-7,82
7100 BILGODTGJERSLE	134 580,70	147 868,50
7101 Passasjertillegg	4 520,00	8 252,00
7150 DIETT UTLAND	7 130,00	0,00
7810 Tap på Krav	2 960,00	1 590,00
	<u>3 046 966,72</u>	<u>3 356 518,54</u>
Renteinntekt		
8010 RENTEINNTEKTER BANK	-53 799,20	-82 523,41
8040 ANDRE RENTEINNTEKTER	-88,31	-215,86
	<u>-53 887,51</u>	<u>-82 739,27</u>
Rentekostnad		
8110 RENTEKOSTNADER BANK	0,00	1 998,63
8111 BANKGEBYR	13 172,86	11 847,05
8140 ANDRE RENTEKOSTNADER	228,00	302,83
	<u>13 400,86</u>	<u>14 148,51</u>
Overført til annan eigenkapital		
8960 AVSETT TIL ANNAN EGENKAPITAL	1 448 076,83	892 058,39
	<u>1 448 076,83</u>	<u>892 058,39</u>

Sogn og Fjordane Teater L/L

BALANSE PR. 31.12.

	2015	2014
Tomtar, bygningar o.a. fast eigedom		
1160 PERSONALBUSTADER	102 700,00	467 500,00
1161 Personalbustad Halbrendslia	2 460 525,00	0,00
	<u>2 563 225,00</u>	<u>467 500,00</u>
Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskiner o.l.		
1230 BIL M/HENGAR	941 138,00	1 080 566,00
1250 INVENTAR	114 806,19	163 899,19
1260 FAST BYGN.INVENTAR	18 292,00	24 329,00
1270 VERKTY O.L.	986 915,06	812 889,18
1280 KONTORMASKINER	60 594,00	72 556,50
1290 ANDRE DRIFTSMIDLAR	65 946,19	116 867,19
1291 Andre driftsmidler, ikkje avskrivbare	80 000,00	80 000,00
1295 AVSKRIVINGAR	0,00	-0,98
	<u>2 267 691,44</u>	<u>2 351 106,08</u>
Kundefordringar		
1500 KUNDEFORDRINGAR	28 273,00	93 958,00
1770 OPPTENT INNTEKT	370,00	6 081,52
	<u>28 643,00</u>	<u>100 039,52</u>
Andre fordringar		
1571 REISEFORSKOT	19 581,00	620,00
1575 LØNNFORSKOT	2 299,98	0,00
1576 KORTSIKTIG LÅN TILS.	17 992,70	19 326,00
1680 Krav på Sjukepengar	0,00	119 784,00
1725 FORSKOTSBETALTE KOSTNADER	19 230,00	834 135,01
1780 PERIODISERINGAR REF/INNTEKTER	0,81	0,00
1790 Andre fordringar	0,00	812,00
	<u>59 104,49</u>	<u>974 677,01</u>
Bankinnskot, kontantar o.l.		
1900 KASSE	1 980,00	27 542,00
1920 BANK DRIFTSKONTO DNB	374 448,10	2 101 734,77
1922 POSTBANKEN/POSTGIRO	1 603,57	1 603,57
1923 BANK PLASSERINGSKONTO DNB	2 538 662,33	0,00
1925 BANK SPB SOGN OG FJ.	1 047,48	245,48
1930 FØRDE SAMYRKELAG	4 479,23	4 426,92
1950 BANK SKATTETREKK DNB	784 097,64	709 722,49
	<u>3 706 318,35</u>	<u>2 845 275,23</u>
Aksjekapital (10 aksjer á kr 10 000)		
2000 AKSJEKAPITAL	-100 000,00	-100 000,00
	<u>-100 000,00</u>	<u>-100 000,00</u>

Sogn og Fjordane Teater L/L

BALANSE PR. 31.12.

	2015	2014
Annan egenkapital		
2050 ANNA EIGENKAPITAL	-3 992 333,91	-2 544 257,08
	<u>-3 992 333,91</u>	<u>-2 544 257,08</u>
Udekkta tap		
2080 UDEKKA TAP	0,05	0,05
	<u>0,05</u>	<u>0,05</u>
Leverandørgjeld		
2400 LEVERANDØRGJELD	-1 294 456,19	-1 027 507,67
	<u>-1 294 456,19</u>	<u>-1 027 507,67</u>
Skuldige offentlege avgifter		
2600 FORSKOTTSTREKK SKATT	-709 410,60	-640 869,60
2650 TREKK FAGFOREININGSK	-135,70	-710,70
2690 ANDRE TREKK	0,00	583,62
2770 SKULDIG ARBGJAVGIFT	-340 909,87	-354 717,05
2780 PÅL. ARBGJAVG FERIEP	-155 093,75	-163 441,40
	<u>-1 205 549,92</u>	<u>-1 159 155,13</u>
Anna kortsiktig gjeld		
2916 Minnegåve Grønnskag	6 517,00	6 517,00
2930 SKULDIG LØN	-479 103,14	-169 951,22
2940 SKULDIGE FERIEPENGAR UTBETALT	126,49	126,49
2945 Skyldige feriepengar avsatt	-1 463 249,59	-1 542 006,63
2960 PÅLØPNE KOSTNADER	-96 933,07	-202 363,65
	<u>-2 032 642,31</u>	<u>-1 907 678,01</u>



Til generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Teater L/L

Melding frå revisor

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sogn og Fjordane Teater L/L, som viser eit overskot på kr 1 448 077. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Sogn og Fjordane Teater L/L per 31. desember 2015, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Fråsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Førde, 10. mai 2016

PricewaterhouseCoopers AS



Jan Flølo

Statsautorisert revisor